

1. PARTANE

LEVERANDØR:¹

Namn:	Voss Energi Kraft AS
Adresse:	Postboks 205, 5702 VOSS
Organisasjonsnummer:	918784594

KUNDE:

Navn:	
Adresse:	
Fødselsnummer:	
Mobilnummer:	
E-postadresse:	
Eventuell fakturaadresse:	
Avtalt kommunikasjonsform for varslinger knytta til kundeforholdet:	SMS/E-post/Ordinær post

Standardval for kommunikasjon mellom Leverandør og Kunden er e-post og SMS, men Kunden kan reservera seg mot elektronisk kommunikasjon ved å kontakta kundeservice hjå Leverandøren.

Kontakt med kundeservice Telefon: 56528300

2. LEVERANSESTAD

Målepunktadresse:
Målepunkt-ID:
Prisområde:
Oppstartsdato:
Signeringsmetode:

Kunden og Leverandøren kan avtala at denne avtalen skal omfatta fleire og nye leveransestadar som spesifisert med målepunktadresse og målepunkt-ID. Leverandøren sender Kunden skriftleg stadfesting på leveransestad(ar) og avtalt tidspunkt for leveransestart.

3. PRODUKT OG PRISAR

3.1 Produkt

Produktnavn:	Vossaspot Kampanje
Avtaletype:	Spotpris time for time, sjå nærmare om pris nedanfor

Med denne spotprisavtalen betalar Kunden for sitt forbruk avrekna etter spotprisen som gjeld for sitt prisområde i den timen straumen vert forbrukt. Kostnaden vil då variera med forbruk og spotprisen time for time. Det er per i dag fem prisområde (NO 1 – 5) i Norge, og det kan vera betydelege forskjellar i spotpris i dei ulike prisområda. Variablar som nedbør, vind, temperatur, produksjon og forbruk i området vil påvirka spotprisen. Spotprisavtalar er avtalar med størst sannsynlegheit for prissvingingar, ettersom prisen endrar seg kvar time, og vil i perioder vera anten dyrare eller billigare enn fastprisavtalar.

¹ Med leverandør meiner ein eit juridisk selskap med omsetningskonsesjon for elektrisk energi.

3.2 Prisar

Produkt spot: Gjeldande områdepris per kWh (spotpris Nord Pool) time for time pluss meirverdiavgift*
Fastbeløp: Kr 39 per målepunkt-ID per måned inklusiv meirverdiavgift*
Påslag: 4,99 øre per kWh inklusiv meirverdiavgift* og elsertifikater**

Vossaspot kampanje privat sikrar deg mot prisendringar på påslag og månadsbeløp i 6 månader. Etter dette vert du automatisk flytta over til Vossaspot Privat.

* Unntak for områda (Troms, Finnmark og Nordland) som er fritekne for meirverdiavgift. Sjå [Lov om merverdiavgift \(merverdiavgiftsloven\) - Lovdata](#) § 6-6.

**Elsertifikat vert dekket av Leverandøren for kundar som ikkje er fritekne for elsertifikat. Hushaldningskundar i Finnmark og enkelte kommunar i Nord-Troms er fritekne for elsertifikater. Sjå [Strømkunder - NVE](#)

Nettleige kjem i tillegg til straumprisen og vert fakturert av Kunden sitt lokale nettselskap eller ved gjennomfakturering. Sjå nærmare i punkt 3.4.

3.3 Fakturering av straum

Fakturering skjer etterskuddsvis månedlig basert på reelt eller estimert forbruk i høve til Leverandøren sine til eikvar tid gjeldande faktureringsrutinar, og for øvrig i samsvar med det til eikvar tid gjeldande regelverk.

3.4 Fakturering av nettleige

Nettleige kjem i tillegg til straumprisen, og vert fakturert av Kunden sitt lokale nettselskap eller ved gjennomfakturering. Dersom Leverandøren har ein avtale med Kunden sitt nettselskap om gjennomfakturering, vil Leverandøren fakturera Kunden for nettselskapet sine fakturerte nettenester. Kunden gir Leverandøren fullmakt til å innhenta nødvendig informasjon og iverksetja nødvendige tiltak for eventuell gjennomfakturering av nettenester.

3.5 Betalingsbetingelsar

Betalingsfrist faktura: 14 dager etter fakturadato
eFaktura: Gebyrfritt
Papirfaktura: Kr 11 inkl mva per papirfaktura

Dersom Kunden ikkje betalar innan betalingsfristen, skal Kunden varslast skriftleg per e-post og/eller SMS, eller i brev dersom Kunden har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon, og får ytterlegare minst 14 dagars betalingsfrist frå det tidspunkt då varselet vart sendt.

Kvar innbetaling frå Kunden vil gå til nedbetaling av den eldste utestående fordring Leverandøren har på Kunden, med mindre partane skriftleg har blitt enige om noko anna.

Forsinkelsesrente påløper ved betaling etter forfallsdato på faktura, i høve forsinkelsesrentelova. Inkasso skjer i samsvar med inkassolova.

4. PARTANE SINE PLIKTER OG AVKLARINGAR VED BESTILLING MV. TIDSPUNKT FOR OPPSTART

4.1 Opplysningar før avtaleinngåing

Kunden skal gje dei opplysningar om anlegget som Leverandøren treng for at avtalen kan inngåast, herunder fødselsnummer, faktura- og anleggsadresse, målepunkt-ID og e-postadresse/mobilnummer.

Kunden er sjølv ansvarleg for at Leverandøren til eikvar tid har oppdaterte kontaktopplysningar på Kunden. Leverandøren skal leggja til rette for at Kunden enkelt kan oppdatera og gje nødvendige opplysningar.

Leverandøren samlar inn og handsamar Kunden sine personopplysningar som er nødvendige for å levera tjenesten i høve til avtalen. Leverandøren si personvernerklæring inneheld informasjon om korleis Leverandøren handsamar Kunden sine personopplysningar. Erklæringa er til eikvar tid tilgjengelig på Leverandøren sine nettsider.

4.2 Kredittvurdering

Leverandøren føretekk normalt kredittvurdering av Kunden ved avtaleinngåing. Ved vurdering av kredittverdigheit, kan Leverandøren, foruten offentlig tilgjengelege opplysningar, nytta eigne kundeopplysningar og kredittopplysningsbyrå. Leverandøren kan avvise ei bestilling eller krevja trygd frå Kunden dersom Kunden ikkje oppfyller Leverandøren sine krav til kredittverdigheit.

4.3 Leverandørskifte

Viss inngåing av denne avtalen inneber skifte av straumleverandør, skal Leverandøren på vegne av Kunden iverksetja eit leverandørskifte, og Kunden sin eksisterande straumavtale opphøyrer, med mindre anna er uttrykkelig avtalt. Kunden er sjølv ansvarleg for oppfyljing av avtalen med tidlegare straumleverandør for eventuelle konsekvensar av oppseiing, for eksempel dersom oppseiinga utløyser bruddgebyr etter den tidlegare avtalen.

4.4 Startdato og førtidig oppstart

I dei tilfella Kunden har 14 dagar angrerett, dvs. når avtalen er inngått ved fjernsal eller utanom faste forretningslokale (sjå punkt 9), kan ikkje startdato for levering av straum under avtalen vera før angrefristen har utløpt, med mindre Kunden uttrykkeleg ber om at leveringa skal starta opp før angrefristen har utløpt. For avtalar inngått utanom faste forretningslokale skal Kunden be om dette på eit varig medium. Viss Kunden ber om førtidig oppstart, vil Kunden vera ansvarleg for rimelege kostnader fram til Kunden nyttar angreretten, sjå punkt 9.3 tredje avsnitt.

5. MÅLE- OG AVREGNINGSFEIL. ETTEROPPGJER.

5.1 Avvik ved handtering av måledata eller avvik ved fakturering

Leverandøren avreknar forbruket etter forbruksdata mottatt frå Elhub. Ved avvik ved handtering av måledata, eller avvik ved fakturering som inneber at det er betalt for lite eller for mykje, kan Leverandøren eller Kunden krevja tilleggsbetaling eller tilbakebetaling i samsvar gjeldande regelverk.

Etteroppgjer i form av tilleggsbetaling eller tilbakebetaling kan skje med verknad inntil tre år tilbake i tid, rekna frå tidspunktet feilen vart oppdaga. Leverandøren kan likevel ikkje krevja tilleggsbetaling frå Kunden dersom feilen skuldast tilhøve hjå Leverandøren eller nokon som Leverandøren svarar for, og Kunden var i aktsom god tru. Leverandøren svarar uansett ikkje for feil eller forhold hjå nettselskapet.

5.2 Feil på målar, feil måledata. Forholdet til nettselskapet

Kunden må retta krav om retting av feil ved måledata direkte til nettselskapet, som er ansvarleg for målinga. Kunden må sjølv be nettselskapet om ein eventuell kontroll av målar.

6. FLYTTING

Dersom Kunden flyttar, vil denne avtalen følgja Kunden til nytt leveransepunkt (nytt målepunkt-ID), forutsatt at Kunden melder flytting til Leverandøren med ynskje om å vidareføra avtalen. Partane kan likevel gjensidig seia opp avtalen i tråd med bestemmelsar om oppseiing i avtalen.

7. AVSLUTNING AV AVTALEN

Kunden kan seia opp avtalen med 14 dagars skriftleg varsel. Oppseiingsfristen for Kunden på 14 dagar gjeld likevel ikkje viss Kunden inngår avtale med ein ny straumleverandør. Då opphøyrer avtalen frå tidspunktet den nye straumleverandøren startar leveransen overfor Kunden.

Leverandøren kan tidlegast seia opp avtalen 30 dagar etter at kunden er varsla på SMS og/eller e-post, eller ved brev dersom Kunden har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon. Leverandøren skal i varselet informera Kunden om kva som er årsaka til oppseiinga. Varselet skal gjevast separat, og ikke samanblanda med annan informasjon frå Leverandøren.

Kvar av partane kan heva avtalen dersom den andre part vesentleg mislegheld pliktene sine etter avtalen. Dersom Leverandøren vesentleg mislegheld forpliktelsane sine etter avtalen, kan Kunden heva avtalen med umiddelbar verknad.

Ved betalingsmisleghald frå Kunden si side kan Leverandøren heva avtalen med umiddelbar verknad forutsatt at Kunden har fått 14 dagars utsett betalingsfrist etter punkt 3.5 andre avsnitt, og den nye betalingsfristen er utløpt.

8. OVERDRAGING AV AVTALEN

Denne avtalen kan overdragast av Leverandøren til ein annen straumleverandør forutsatt at betingelser og vilkår i denne avtalen vert vidareført. Kunden skal varslast minst 30 dagar før overdraging kan skje. Kunden kan uansett seia opp avtalen med 14 dagars varsel i høve punkt 7 fyrste avsnitt.

Kunden kan ikkje overdra avtalen utan Leverandøren sitt samtykke.

9. ANGRERETT

9.1 Kunden sin rett til å gå frå (angra) avtalen

Dersom avtalen er inngått ved fjernsal eller sal utanom faste forretningslokale, typisk ved sal over internett, på stand eller ved telefon- eller dørsal, har Kunden etter reglane i angrerettlova rett til å gå frå avtalen innan 14 dagar utan å grunngje dette. Verknadane av at angrerett vert gjort gjeldande er regulert i angrerettlova. Angreretten utløper 14 dagar rekna frå dagen etter at avtalen er inngått eller frå det tidspunkt Kunden har mottatt informasjon om angrerett. I fristen vert alle kalenderdagar inkludert. Dersom fristen endar på ein laurdag, sundag eller helligdag, vert fristen forlenga til nærmaste virkedag. Angrerett gjeld ikkje ved tilknytning av nye leveransestadar til ein eksisterande avtale.

9.2 Utøvelse av angrerett. Angreskjema

Dersom angrerett vert gjort gjeldande, må Kunden på ein eintydig måte opplysa Leverandøren om at Kunden vel å gå frå avtalen. Angreretten kan gjerast gjeldande ved å bruka standardisert angreskjema, men melding kan også gis på annan måte, eksempelvis per e-post eller brev. Leverandøren sitt angreskjema kan lastast ned her <https://www.vossenergi.no/dokumentasjon/angreskjema>, og vert også vedlagt ved avtaleinngåing eller ved ordrebekreftelse på varig medium.

Angrefristen vert sett som overhalden dersom Kunden har sendt melding før utløp av angrefristen. Kunden har bevisbyrden for at angreretten er blitt gjort gjeldande i tide, og meldinga bør difor sendast skriftleg.

9.3 Konsekvensar ved bruk av angrerett

Ved bruk av angreretten opphøyrer Kunden si plikt til å betala for framtidig straumleveranse og Leverandøren si plikt til å levera straum.

Viss Kunden nyttar angreretten før leveransen har starta, vert bestillinga annullert.

I tilfelle der leveransen har starta og Kunden utøver angrerett, vil Leverandøren avslutta leveransen i høve til Elhubs markedsprosesser, dvs. i løpet av tre virkedagar frå melding er motteken hjå Leverandør. Kunden vil bli overført til leveringspliktig straum frå nettselskapet til Kunden, om ikkje Kunden sørgjer for å inngå ny straumavtale med ein annan straumleverandør. Viss Kunden uttrykkeleg har bedt om oppstart av straumleveransen før angrefristen på 14 dagar er utløpt på eit varig medium, og deretter har brukt angreretten, skal Kunden betale eit beløp som står i høve til det som er utført eller levert fram til leveransen vert avslutta.

10. ENDRINGAR I PRIS OG AVTALEVILKÅR

10.1 Prisjustering

Fastsettelsen av fastbeløpet og påslaget nevnt i punkt 3.2, og fakturagebyret nevnt i punkt 3.5, byggjer på ulike kostnadselement og vert påverka av marknadsmessige forhold. Leverandøren kan einsidig justera fastbeløpet, påslaget og/eller fakturagebyret dersom Leverandøren finn slik endring nødvendig. I slike tilfeller skal Kunden varslast om endringa, og dersom endringa er til ugunst for Kunden, har Kunden rett til å seia opp avtalen med skriftleg varsel seinest tre virkedagar før tidspunktet endringane trer i kraft, sjå pkt. 10.3 nedanfor.

Omstendigheiter som kan gjera det nødvendig å endra prisen kan for eksempel vera endringar i marknadsmessige forhold, auka kostnader for Leverandøren eller endringar i eller i medhald av lov eller forskrift.

10.2 Endringar i øvrige avtalevilkår

Leverandøren kan einsidig endra avtalevilkåra, til gunst eller ugunst for Kunden, dersom Leverandøren finn slik endring nødvendig, for eksempel som følge av forhold nevnt i pkt. 10.1.

Leverandøren kan ikkje utan uttrykkeleg samtykke frå Kunden gjera vesentlege endringar i avtalevilkåra. Vesentleg endring er berre endring av produkttype, innføring av nye prislelementer utover dei som er oppgjevne i punkt 3.2 og punkt 3.5, endring i faktureringsmetode frå etterskotsvis fakturering til forskotsbetaling, og utviding av Leverandørens einsidige endringsadgang til ugunst for Kunden. Dette gjeld likevel ikkje dersom avtalevilkåra må endrast som følge av endring i eller i medhald av lov eller forskrift.

Kunden skal varslast om endringa, og dersom endringa er til ugunst for Kunden, har Kunden rett til å seia opp avtalen seinast tre virkedagar før tidspunktet endringane trer i kraft, sjå punkt 10.3 nedanfor.

10.3 Varsel om endringar i avtalevilkår og pris

Endring i pris og/eller avtalevilkår kan tidligast tre i kraft 30 dagar etter at skriftleg varsel er sendt til Kunden, med mindre endringa er lov- eller forskriftspålagt og gjeld frå eit tidligare tidspunkt.

Varselet skal opplysa om årsaka til endringa, og dersom endringa er til Kunden sin ugunst, at Kunden for å ikkje å bli bunden av nye vilkår kan seia opp avtalen kostnadsfritt, seinast tre virkedagar før endringane trer i kraft. Oppseiingsretten gjeld likevel ikkje ved prisauke som skuldast auka offentlege avgifter knytta til omsetning av energi, når avgiftsauken ikkje var offentlig kjent på avtaletidspunktet.

Varselet skal opplysa om pris og vilkår før og etter endringa.

Varselet skal også innehalde ei påminning om at Kunden uansett kan seia opp avtalen med 14 dagars skriftleg varsel, jf. punkt 7, også etter at endringane er trådt i kraft.

Varselet skal sendas separat og ikkje sammenblanda med annan informasjon frå Leverandøren. Varselet skal gis i form av SMS og/eller e-post. I dei tilfeller der Kunden ikkje har samtykka til digital kommunikasjonsform, skal varselet gis i brev.

11. TVISTAR

11.1 Klage til Elklagenemnda. Domstolshandsaming.

Dersom det oppstår tvist mellom Kunden og Leverandøren, kan Kunden leggja tvisten kostnadsfritt inn for Elklagenemnda, eller domstolane. Elklagenemnda sitt vedtak er rådgjevande for partane. Ved vedtak som gir Kunden heilt eller delvis medhald, skal Leverandøren gje begrunna melding til Kunden og nemnda innan 30 dagar dersom vedtaket ikkje vil bli fulgt.

11.2 Verknadane av klage til Elklagenemnda

Så lenge en tvist er til handsaming i Elklagenemnda, kan ikkje ein part leggja saka fram for dei alminnelege domstolane. Dette gjeld likevel ikkje dersom det har gått meir enn seks månader frå klaga er motteken og sekretariatet ennå ikkje har lagt fram saka for nemnda. Ein tvist vert sett som å vera til handsaming frå det tidspunktet begjeringa om klagebehandling er komen inn til nemnda. Ein sak som nemnda har realitetshandsama, kan leggjast direkte fram for tingretten.

11.3 Lovvalg

Vilkåra i denne avtalen er underlagt og skal tolkast i samsvar med norsk rett.

12. MOTSTRID

Ved en eventuell motstrid mellom lover og forskrifter og vilkåra i denne avtalen, skal lover og forskrifter ha forrang.

Vedlegg:

1. Angreskjema